

BOKN KOMMUNE

FORMANNSKAPET

MØTEINNKALLING

Møtedato: 28.03.2017

Møtestad: Boknatun

Møtetid: Kl. 19:30

Møte startar etter at møte i Administrasjonsutvalet er ferdig.

Den som har lovleg forfall, eller er uggild i nokon av sakene, må meld frå så snart råd er, tlf. 52 75 25 00, slik at varamedlem kan bli innkalla. Varamedlemer møter etter nærmere innkalling.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på Boknatun. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utleverte i møtet. Dersom medlemene på førehand ønskjer å gjere seg kjent med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengelege på rådhuset.

Bokn kommune
23. mars 2017

Tormod Våga
ordførar

Jan Erik Nygaard
sekretær

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
020/17	Godkjenning av møtebok frå møte 21.02.2017
021/17	Orienteringssak - sykkelprosjekt i Nord-fylket.
022/17	Endring av kommuneplan - orientering om arbeidet.
023/17	Differensiering strandsoneforvaltning i Bokn kommune.
024/17	Val av valnemnd i Bokn for Stortingsval 2017 og Kommunestyre- og Fylkestingsval. 2019

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	28.03.2017	020/17	GRS

Saksansv.: Gro Sørensen	Arkiv: K1-033, K3-&17 Objekt:	Arkivsaknr: 17/6
-------------------------	----------------------------------	---------------------

Godkjenning av møtebok frå møte 21.02.2017

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	28.03.2017	021/17	AEA

Saksansv.: Anne Elisabet Askeland	Arkiv: K1-026	Arkivsaknr
	Objekt:	17/118

Orienteringssak - sykkelprosjekt i Nord-fylket.

v/ samfunns- og utviklingssjef Anne Elisabeth Askeland

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Gjennomgangen blei tatt til informasjon.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	28.03.2017	022/17	KBU

Saksansv.: Kåre Bua	Arkiv: K1-140 Objekt:	Arkivsaknr 17/190
---------------------	--------------------------	----------------------

Endring av kommuneplan - orientering om arbeidet.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet tek orienteringa til etterretning.

Kva saka gjeld

Arbeid med endring av kommuneplanen.

Bakgrunn for saka

Bokn kommunestyre gjorde i kommunestyremøte den 07.03.2017 i sak KS-012/17 vedtak om å setja i gong arbeid med å endra kommuneplanen slik at han blir i samsvar med intensjonane i planstrategien. Ut over dette skal det gjerast andre endringar som planutvalet finn naudsynt under vefs og som stør opp om intensjonen i planstrategien.

Rådmannen fekk fullmakt til å leiga inn prosjektleiar og annan naudsynt konsulentbistand innaføre ei kostnadsramme på kr 500.000.

Orientering

Rådmann har nå gjort avtale med Bjørn Løvland om at han skal vara som prosjektleiar. Han vil styra det daglege arbeidet og gjera det meste av skrivearbeidet. Arbeidet fell innaføre den avtalen kommunen alt har med Løvland.

I tillegg vil rådmannen leiga konsulenthjelp til kart- og presentasjonsarbeid. Det er fram til no ikkje gjort avtalar om dette.

Arbeidet med endring av kommuneplanen er alt sett i gong. Ein tek sikte på å bli ferdig innan utgongen av 2017

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	28.03.2017	023/17	KBU

Saksansv.: Kåre Bua	Arkiv: K1-144 Objekt:	Arkivsaknr 17/246
---------------------	--------------------------	----------------------

Differensiert strandsoneforvaltning i Bokn kommune.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Formannskapet tek orienteringa til etterretning.

Kva saka gjeld

Differensiert strandsoneforvaltning i Bokn kommune.

Kva reglar gjeld for forvaltning og sakshandsaming.

1. Bakgrunn

I samband med at Rogaland fylkeskommune har klaga på eit dispensasjonsvedtak Bokn kommune har gjort for bygging av molo m.v. i strandsona, er det reist spørsmål om det etter den differensert strandsoneforvaltninga som vart vedteke i 2011 er naudsynt å leggje søknader om bygging i strandsona fram for regionale styresmakter,

2. Lovgrunnlag

Plan- og bygningslova (27.06.2008)

§ 19-1. Søknad om dispensasjon

Dispensasjon krever grunngitt søknad. Før vedtak treffes, skal naboer varsles på den måten som nevnt i § 21-3. Særskilt varsel er likevel ikke nødvendig når dispensasjonssøknad fremmes samtidig med søknad om tillatelse etter kapittel 20, eller

når søknaden åpenbart ikke berører naboenes interesser. Regionale og statlige myndigheter hvis saksområde blir direkte berørt, skal få mulighet til å uttale seg før det gis dispensasjon fra planer, plankrav og forbudet i § 1-8.

§ 19-2. Dispensasjonsvedtaket

Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.

Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.

Ved dispensasjon fra loven og forskrifter til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet.

Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon fra planer skal statlige og regionale rammer og mål tillegges særlig vekt. Kommunen bør heller ikke dispenser fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Departementet kan i forskrift gi regler for omfanget av dispensasjoner og fastsette tidsfrist for behandling av dispensasjonssaker, herunder fastsette tidsfrist for andre myndigheters uttalelse i dispensasjonssaker og gi regler om beregning av frister, adgang til fristforlengelse og konsekvenser av fristoverskridelse

Føresegnerne til kommuneplanen sin arealdel (Vedteke 17.12.2013)

1.4 Føresegner til kommuneplanen er juridisk bindande og skal ved behandling av tiltak og planar utgjere heimelsgrunnlaget for vedtak. Avvik fra føresegnerne må håndsamast som dispensasjonssak Jfr. PBL §§ 19-1 og 19-2

1.8 Strandson

*Bygging i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag er regulert i PBL §1-8 –Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag.

*Forboden gjeld så langt ikke anna byggegrense er fastsett i kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplan. Forboden gjeld ikke der kommunen i kommuneplanen sin arealdel har tillate oppføring av naudsynne bygninger, mindre anlegg og opplag som skal tene til landbruk, reindrift, fiske akvakultur eller ferdsel til sjøs.

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (25.03.2011)

Føremålet med desse retningslinene er å gjøre den nasjonale arealpolitikken i 100-

metersbeltet langs sjøen tydelegare. Det skal gjennomførast ei sterkare geografisk differensiering, der vernet vert gjort strengast i sentrale område der presset på areala er stort.

Retningslinene utdjupar lova og gir statlege føringar for kommunane og fylkekommunane si planlegging

Om offentlege styresmakter sine oppgåver og ansvar heiter det mellom anna i retningslinene:

Fylkeskommunen skal legge retningslinjene til grunn i den regionale planleggingen. Fylkesmennene og fylkeskommunene skal legge retningslinjene til grunn ved sin medvirkning i det kommunale planarbeidet og dispensasjonsbehandling. De skal om nødvendig fremme innsigelse til planforslag og påklage dispensasjonsvedtak som ikke er i samsvar med retningslinjene.

I retningslinene vert landet delt inn i tre hovudområde:

- Kystkommunane i Oslofjordregionen
- Andre område der presset på areala er stort
- Område med mindre press på areala

I retningslinene vert det lagt opp til differensiering gjennom planlegging, og i samband med dette heiter det mellom anna:

Byggeforbuddet i 100-metersbeltet langs sjøen gjelder for hele landet.

Intensjonen i plan- og bygningsloven er at kommunene skal avklare framtidig arealbruk i strandsonen gjennom sin planlegging, først og fremst kommuneplanen. Bokn kommune er plassert i kategori 3, område med mindre press på areala, og i pkt. 7 er det gjort greie for kva retningsliner som skal gjelde for denne kategorien.

Her heiter det mellom anna:

I områder utan press vil det være enklere for kommunen å gi tillatelse til å bygge enn i områder der presset er stort. Det vil gi kommunen utenfor pressområdene mulighet til å inkludere 100-metersbeltet langs sjøen i sine helhetlige utviklingsstrategier. Dette innebærer at kommunen kan vedta planer som innebærer utbygging til ulike formål også i 100-metersbeltet.

Vidare heiter det:

Ved utbyggingstiltak som ikke er særlig omfattende bør arealutnyttingen styres gjennom bestemmelser til kommuneplan. For mindre tiltak kan det gis dispensasjon etter en konkret vurdering, på bakgrunn av kapittel 19.

I 100-metersbeltet skal fylgjande retningsliner leggjast til grunn:

- *Utbygging bør så langt som mulig lokaliseres til områder som er bebygd fra før, slik at utbyggingen skjer mest mulig konsentrert. Utbygging i urørte områder med spesielle friluftsinteresser natur- eller landskapskvaliteter eller kulturminneinteresser skal unngås. Det gjelder for eksempel utbygging i kyst- og fjordlandskaper med spesielle kvaliteter.*
- *Spørsmålet om bygging skal vurderes i forhold til andre allmenne interesser. Det bør ikke tillates utbygging i områder som har spesiell verdi i forbindelse med friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvaliteter, naturmangfold, kulturminner, kulturmiljøer og landskap. Forholdet til andre interesser, som*

- for eksempel landbruk, fiske, oppdrett og reindrift må også vurderes. Der det tillates bygging, bør hensynet til andre interesser ivaretas best mulig*
- *Alternative plasseringer bør vurderes og velges dersom det er mulig. Det bør også vurderes om tiltaket kan trekkes vekk fra sjøen. Tiltak som tillates må tilpasses best mulig.*
 - *I områder hvor alt tilgjengelig utbyggingsareal ligger innenfor 100-metersbeltet, og alternativ plassering av tiltak dermed ikke er mulig, vil kommunen ha videre adgang til å tillate tiltak for å ivareta hensynet til en fornuftig samfunnsutvikling. Ved vurdering av om tiltak skal tillates skal det legges vekt på om hensynet til tilgjengelighet for allmennheten kan ivaretas ved at det eksempelvis avsettes areal til kyststi, friluftsområde eller liknende.*
 - *Behovet for næringsutvikling og arbeidsplasser, for eksempel satsing på reiseliv og turisme, skal tillegges vekt i vurderingen av tiltak i 100-metersbeltet. Disse hensynene må veies opp mot hensynet til de allmenne interesser som er angitt foran.*
 - *Vurderingen vil være avhengig av hva slags type tiltak det gjelder. Det kan være grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjøen, som for eksempel brygger, naust, næringstiltak og sjørettede reiselivsanlegg.*
 - *Muligheten for fritidsfiske gjennom å tillate naust og brygge skal også tillegges vekt i vurderingen av tiltak i 100-metersbeltet. Disse hensynene må veies opp mot hensynet til de allmenne interessene som er angitt foran, og mulighetene for felles brygger og naust bør også vurderes.*

3. Vurdering

Ut frå dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, er det ikkje grunnlag for å slutte at det generelle kravet i 19-1 i PBL om at statlege og regionale styresmakter sin uttale- og klagerett i dispensasjonsaker er oppheva for kommunar i kategori 3.

Det går tydelig fram av det retningslinene seier om offentlege styresmakter sine oppgåver og ansvar, at desse om naudsynt skal påklage dispensasjonsvedtak som ikkje er i samsvar med retningslinene.

Dette inneber sjølvsagt at dei må få tilsendt dei dispensasjonsvedtaka kommunen gjer, slik at dei får høve til å vurdere om desse er i samsvar med retningslinene.

Det er heller ikkje grunn for å slutte at retningslinene inneber ei lemping når det gjeld kravet om at nasjonale og regionale styresmakter skal gjevast høve til å gje førehandsuttale til søknader om dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona.

Rundskrivet seier klårt at 100-metersbeltet er av nasjonal interesse og bygging her i kommunane i kategori 3 kan berre tillatas etter ei konkret vurdering ut frå lokale tilhøve.

Det går og tydeleg fram at sjølv om det kan gjevast dispensasjon for mindre tiltak etter ei konkret vurdering, skal dette skje på bakgrunn av kapittel 19 i PBL.

Heller ikkje føresegne til kommuneplanen sin arealdel, tyder på at kommunen har lagt til grunn at dei statlege planretningslinene opnar opp for ei anna sakshandsaming

av søknader om bygging i 100-metersbeltet mot sjøen enn det som går fram av krava i §§19-1 og 19-2 i plan- og bygningslova.

Føresegne , som er vedtekne etter at dei statlege retningslinene kom, seier klårt at byggeforbodet i § 1-8 i PBL gjeld i kommunen, og at avvik frå føresegne skal handsamast som dispensasjon.

Dei statlege planretningslinene inneber derfor ikkje ei endring i høve til dei generelle krav til sakshandsaming av dispensasjonssaker som går fram av kapittel 19 i PBL, og som kommunen i dag legg til grunn ved handsaming av slike søknader.

Som det går fram av namnet på retningslinene, er desse i hovudsak retta mot planhandsaming, ettersom det primært er tale om statlege føringar for kommunane og fylkeskommunane si planlegging.

Ut frå at Bokn er plassert i kategori 3,- område med mindre press på areala ,- skulle dette tilseie at det ved utarbeidning av kommuneplanen skulle vera lettare for Bokn å få aksept for utbygging av deler av strandsona enn for kommunar i kategori 1 og 2.

Eg er ikkje kjent med om erfaringane frå den siste rulleringa av kommuneplanen sin arealdel stadfester at dette har vore tilfelle.

Også for dispensasjonssaker skulle retningslinene gjere det lettare å få gjennomslag, men det er lite som tyder på at dette har vore tilfelle

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	28.03.2017	024/17	GRS
Kommunestyret	25.04.2017		GRS

Saksansv.: Gro Sørensen	Arkiv: K1-033	Arkivsaknr 17/254
-------------------------	---------------	----------------------

Val av valnemnd i Bokn for Stortingsval 2017 og Kommunestyre- og Fylkestingsval. 2019

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.: Valgloven

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret i Bokn vedtar at medlemmer i formannskapet for perioden 2015 – 2019 skal utgjera valstyret i Bokn for Stortingsvalet 2017 og Kommunestyre- og fylkestingsval i 2019. Kommunestyret delegerer til valstyret oppgåva med utnemning av stemmestyrer for henholdsvis Stortingsval 2017 og Kommunestyre- og fylkestingsval 2019.

Valnemda får følgjande samansetning:

Tormod Våga leiar
Lars Sigmund Alvestad nestleiar
Anita Kro
Lene Ognøy Foss
Eirik Nedrebø
Sigmund Alvestad
Kari Christensen

Vararepresentantar:

Osmund Våga
Emilie Moi Eikje
Per Helge Sunde
Ann Jeanett Sunde Olaussen
Anne Løvereide Faye
Jørgen Thuestad

Boknatun 21.mars 2017

Jan Erik Nygaard
rådmann

Gro A. Sørensen
leiar i servicetorget

Kva saka gjeld:

Oppnemning av valstyret i Bokn for Stortingsval 2017 og Kommunestyre- og Fylkestingsval 2019.

Bakgrunn for saka:

Kommande Stortingsval 2017 er ,av statsråd i møte 22.04.2016, fastsett til 11. september 2017 og Kommunestyre- og Fylkestingsval 2019

Saksutgreiing:

I henhold til Vallovas § 4-1 skal der i kvar kommune vere eit valstyre som blir valt av kommunestyret sjølv. Val av valstyret kan ikkje delegerast.

Same lovs § 4-2 gir kommunestyret moglighet til og delegera oppgåva med utnemning av stemmestyrer og valfunksjonærar til valstyret.

Når kommunen planlegg val med fordeling av ansvar og oppgåver, er det viktig å formalisera fullmaktene gjennom delegasjon for å sikre at valet blir gyldig, dvs. at det er viktig at delegasjon og fullmakter er forskriftsmessig ivaretatt.

I utgangspunktet er alle oppgåver i forbindelse med valg lagt til enten kommunestyret eller valstyret. Hvis noen andre organer eller personar i administrasjonen skal gjere oppgåver i forbindelse med valet, må det foreligge eit formelt delegasjonsvedtak frå det organet som er tillagt oppgåva til den eller dei som praktisk skal gjennomføre ho. . Delegasjonsvedtaka må være uttrykkelege og uttømmande, samt dokumenterast skrifteleg. I tillegg må fullmaktskjeden henge sammen for at vedtaka skal være gyldige.

Vurdering:

I Bokn kommune har der vært tradisjon for og velja medlemmer i det sittande formannskapet i inneverande kommunestyreperioden til valstyre. Denne ordninga har fungert godt for Bokn kommune og av den grunn kan ein ikkje sjå nokre grunnar for å avvika frå denne praksisen.

Kommunestyret har også tidligare hatt som praksis å delegera til valstyret å velje ut stemmestyret og delegera til rådmannen oppgåva med å finna valfunksjonærar til å utføra dei daglege arbeidsoppgåvene med avvikling av val. Ein kan heller ikkje her sjå nokre grunnar for å avvika denne praksisen.

Vedlegg:

Utskrift av:

Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven)

[Oversikt](#) [Hele loven](#) [Første](#) [Forrige](#) [Neste](#)

Kapittel 4. Valgorganene

§ 4-1. Valgstyret

I hver kommune skal det være et valgstyre som velges av kommunestyret selv.

§ 4-2. Stemmestyrer

Foregår stemmegivningen på flere steder i kommunen, skal et stemmestyre med minst tre medlemmer administrere stemmegivningen på hvert sted. Kommunestyret kan deletere oppnevningen av stemmestyrer til valgstyret.

§ 4-3. Fylkesvalgstyret

I hvert fylke skal det ved stortingsvalg og fylkestingsvalg være et fylkesvalgstyre som velges av fylkestinget selv.

§ 4-4. Riksvalgstyret

(1) I de år det avholdes stortingsvalg oppnevner Kongen et riksvalgstyre. Riksvalgstyret skal fordele de stortingsmandatene som er utjevningsmandater.

(2) Riksvalgstyret skal ha minst fem medlemmer med varamedlemmer. Kongen oppnevner leder og nestleder, og bestemmer hvem som skal fungere som arbeidshjelp.

(3) Møtene i riksvalgstyret holdes for åpne dører.

Endret ved lov 20 juni 2003 nr. 46 (ikr. 1 juli 2003 iflg. res. 20 juni 2003 nr. 715).

[Første](#) [Forrige](#) [Neste](#)

Databasen sist oppdatert 2. mai 2013

